

**Fra:** Ottar Rosnes <otrosnes@online.no>

**Sendt:** 12.01.2022 11:45:31

**Til:** Mikkel Bengtsson <mikkel.bengtsson@alver.kommune.no>

**Emne:** Lindås Hjortevald 2021

---

Hei,

Beklagar sein innmelding av jaktresultat frå Lindås Hjortevald for 2021, har vore utan pc i fleire dagar.

Sidan ca 15.11 21 har eg ikkje kome inn på oversikt over felte dyr i hjorteviltregisteret. Sende ein e-post om poblemet, men har ikkje fått svar til no.

Litt utruleg at det same hender i år som året før, kan henda eg har trykt feil ein stad.....

Dette er grunn til at eg ikkje veit kva dyr som er rgisrert, og der er såleis ikkje kvittert for noko jakt i registeret for 2021.

Alle jaktleiarar er oppmoda om at alle jaktdagar i deira jaktfelt er/vert registrert.

Etter tilbakemelding frå jaktleiarar sender eg resultatet av felte dyr under jakta for 2021:

	Kalv	1 ½ år	2 ½ år +	I alt
Hanndyr	12	14	9	35
Hodyr	15	41	14	70
I alt	27	55	23	105

Det er skutt 2 spissbukkar i staden for vaksen bukk, og såleis 3 spissbukkar meir enn tildelt på løyve 2021.

Valdet skal ikkje betatala for 3 skrapdyr; 1 kalv felt på Holmås 2.9. Denne er meldt inn og kompensasjonsdyr vart tildelt og felt.

1 spissbukk felt på Risa 4.9. Er ikkje meldt til meg, men skal vera merka som skrapdyr i registeret ved innmelding.

Tatt ut 1 dyr meir enn tildelt, men likevel innanfor valdet sin kvote

1 kolle 11/2 år felt på Fanebust 23.10. Denne er meldt inn og kompensasjonsdyr vart tildet, men ikkje felt.

Dersom alle felte dyr er meldt inn, skal der ikkje betalst fellingsavgift for 5 kalvar og 1 vaksen.

Sender melding når eg har fått inn tenner frå alle jaktleiarar, nokon er visst ikkje ferdig med å koka enno....

Ta kontakt dersom noko er uklårt.

Mvh  
Lindås Hjortevald  
Ottar Rosnes